Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 70

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Forsand

Emne: Fra robåt og seil til motor.

Bygdelag: Högsfjörd

Oppskr. av: Guttorm Mikkelson

Gard: Øvre Espedal

(adresse): Helle i Högsfjord

G.nr. 48 Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko det òg.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Kornelius Hagen. s. adr. bonde og snikker.

SVAR

1.

Frå det eldste brodde dei åttæringar, det galdt helst som føringsbåt, og så brukast han til landnotbruket. Elles så vart den vanlige båten (robåt) mykje nytta. Med og utan segl etter kor langt dei skulle fara.

Seinare hadde dei jekter. Dei vart mykje nytta som farty når dei skulle til byen. Det var seinare. Dei siglde om det var vind.

Reidskaper dei fiska med var sildegarn og bakk til heimefiske. Til eit notbruk höyrde det til 1 båt med kastenot (6. mann), 1 båt med brislingnöter, stengenöter (2. mann) og 2 ell 3. småbåtar (1. mann). og spelbåten (4. til 6. mann).

Kvar fiska til seg ved heimefiske. Mest ingen selde. Litt selde dei eller bytte med andre varer når dalbuen rodde til kyrkje.

Sjølve arbeidsdelinga ombord er nemnt med notbruket, men dei delte litt etter

14536

som dei hadde part i bruket.

Opplæringa føregjekk slik som det plar vera frå far til son mykje godt.

Den som rodde når dei det gjorde laut ha skifte for kvar fjerding vart det sagt. Dei "skiftest åra", og så var det den som førar var, eller ein som var veik som sat i bakrongjå. Når dei for på byferd var det jamnast dei sigla. Men dei nytta nemninga "å rò te byn". Det var ut Høgsfjord og til Stavanger det.

Dei sleit ofte hardt på desse ferdene. Ei lita soge:

Frå Østabø i Dirdalsdalen tok tri mann ut på byferd om hausten. Dei kom ut i eit falande ver. Frå Dirdal er det rekna halvvegs med Aspøy og før dei kom dit leid det til kvelds. Dei fór ut tidleg morgon. Straumen sto inn fjorden og vind av nordvest. Dei laut krossa fjorden mange gonger. Men trass alt nådde dei Tingholmen, ytst ute for vatta og la seg der, og våga seg ikkje over Gandafjorden på eit par dagar.

Heimetterferda føregjekk i same forrykande veret. Vinden hadde snutt over til sørauest og det sto i eit rôk ut fjorden. Ferda varde mest ei veke så bære det å fara sjøvegen var inga hugnad den gongen.

Om truer og merker dei hadde ombord kan ingen gjeva meg større opplysning.

14536

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II. Motoren kommer.

Motoren kom til Indre-Högefjord omk. 1912. Det vart eit stort framsteg for dei som gjeka hav. Serleg trongst ikkje så stort mannskap og dei kom snöggare fram med mindre slit.

Alt det andre som er nemnt kan eg ikkje gjeva stòrre opplysning om.

Jeg sender dette, og når eg får höve til ta spörjelista med til den eg trur kunne vita noke skal eg senda meir om dette. Det vert gjerne ut på hausten eller vinteren.

Ove Espedal, 2. 7. 59.

14536

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING